

Informasjon frå Paso Cadena v/ Inge Björnevoll.

Ver snill og send vidare snarast til Rudolf Larsen. TAKK! (Paraguayposten, rapport for 1.kvartal).

Beklager at rapporten kjem så seint. Grunnar utanfor vår makt har gjort at me ikkje greidde å fullføre det me planla. Var i Paso sist veke. Kom ned 16.mai. Flaum m/ ca. 120 cm. vatn over Puente'i. Framleis regn. Wincha ut Chevroleten over det verste, då me kom ut over Sta. Teresa, einasto vegen som var køyrande. Alfredo ville køyra bilen inn att og setja han i kolonien for seinare å køyra sjuke. Toyotacn er einaste bilen ein har von å koma seg fram med, om ein ikkje har traktorfylgje.

Har Chevroleten på verkstad att. Utruelg mykje "gale" med han.

Har fått teke opp på band ein "paj" si forteljing av skapinga etc. Den vert no skriven ned, og så skal me lesa den for han seinare for korreksjon. Så langt har me kome med lørebokprosjektet. Reknar dette som ein prøve.

Ei "gladnyheit" som Joel Bogado ringde inn nett i dag. Amancio ^{Medina} ~~Amarilla~~ hadde kome tilbake heim sist veke. Har overgjeve seg til Gud saman med kona. Vil gifta seg legalt i juni for å bli døypt i juni og tillagt menigheten i Yeguarizo. Han var interessert i å reisa til Paso og jobba i prosjektet.

Amancio er tilbake i Proyecto guarani, og eg skal bortover mandag etter planen for å snakka med han. Vårt bønneemne var at me skulle få agronom/jordbrukskyndig person på plass i siste halvdel av dette året. Vonar det skal gå.

Går dette i orden må eg starta med husløyising for dei så snart som råd. Vonar då på å få lærarbustaden opp, og at Amancio får oppussa bustaden Rosa og Lalo bur i no, til sitt bruk.

Eit problem vert truleg at frå same tid skulle me hatt ein eller helst 2 motorsyklar til disposisjon. Lalo sin gamle er nok så nedsliten, og var i ustand no. Med ein agronom som skal pendle rundt, vil behovet vera stort for ein til han og. Lalo brukar den gamle til sjuketransport (der bilen ikkje kjem inn), til å gjeva beskjedar med etc. I tillegg vert den brukt for møta mykje.

Anna S. lova oss solcellepanel ho hadde til overs i Curuguaty, men det vart ikkje noko av det då ho reiste. No har me kjøpt kjöleboks 12 V for lagring av medisinar (vaksiner, serum etc). Dokteren som kjem frå Ciudad del Este klaga på at me ikkje lagra medisinarne skikkeleg ein gong. Kjöleboksen bet. Henny Marie av sine arbeidspengar, men me må leggja opp 12V anlegg i hospitalet og. Solceller har me teke ut av budsjettet for dette året, men eg vonar å få plass til eit batteri og leidningar mellom husa til dette bruket.

Skuleelevane studerer alle slik planen er. Denne veka har Victor (Dicto) siste eksamenen på bapbisthospitalet, og me vonar han kjem inn. Han strauk i ein eksamen på Barbero, så no vert det berre sjukepleie han studerer. Ikkje obstetrikk.

Elisabeth var innom her ein dag saman med Lydia. Dei bur saman i San Lorenzo. Me ser elles lite av dei.

Med dette dei beste helsingar frå oss.

